

## Referat møte nr 03/15 Styringsgruppa for Førdepakken

**Møtedato:** 9. september 2015 kl 12:00-14:00

**Stad:** Førde kommune

**Møteleiar:** Svenn Finden

**Referent:** Dina Lefdal

**Til stades:** Tore Eriksen (TE), Ole-John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Dina Lefdal (DJL), Oddvar Flæte (OJF)

**Forfall:**

**Kopi til:**

Sakshandsamar/innvalsnr:

Dina Lefdal - 57655706

Vår dato: 9.9.2015

Vår referanse: 2014/057441

Sak nr		Ansvar / frist
14/15	<p><u>Referat frå siste møte</u> Godkjent</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgingssaker (sjå lista bak)</u> <u>Sak 2/15 Planmidlar/planlegging 2015</u> St. prp gir ingen føringar for kor tid midlane skal inn, ut over det som ligg i søknaden.</p> <p><u>Sak 8/14 Utbyggingsavtaler og rekkjefølgjebestemmelsar og sak 11/15 Utbyggingsavtale og rekkefølgjekrav Hafstadflata</u> Avtalane seier noko om verdi og kor tid dei kjem til utbetaling. Kommunen og fylkeskommunen er samde om fordelinga mellom kommunen og fylkeskommunen.</p> <p><u>Sak 10/15 Handtering av flaumsone</u> Ole-John Østenstad er nabo til Vievegen, og deltok ikkje på handteringa av denne saka.</p> <p>Det var sendt ut notat som syner kostnader med flaumsikring for ulike alternativ.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fv. 484 Vievegen: Omfattande til tak, 12-17 mill. kr</li><li>• Fv. 481 Angedalsvegen: to punkt må hevast. Lite omfattande</li><li>• E39 Hafstadflata: Lite omfattande, i storleiken 0,1-1 mill. kr</li></ul> <p>SVV tilrår å heve veglinja på Hafstadflata og Angedalsvegen, og vil arbeide vidare ut frå dette i det vidare planarbeidet.</p> <p><u>Sak 12/15 Dekking av kommunar (og evt andre) sine kostnader i andre bompengepakkar</u>  Dette vert handtert frå prosjekt til prosjekt. Der kommunen utfører</p>	IH



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

Sak nr		Ansvar / frist
15/15	<p>oppgåver som går ut over det som følgjer av rolla som planmyndighet, blir det laga avtalar som avklarar kor mykje prosjektet skal finansiere. Ingar jobber vidare med dette saman med kommunen.</p> <p><u>Status</u>  <u>Gjennomgang av statusrapport inkl. HMS</u>  Statusrapporten er lagt på eRoom/sendt ut før møtet. Ingar orienterte.</p> <p>Utlysing bomstasjonar i januar, reknar med innkrevjingsstart kring 1. oktober 2016.</p> <p>Vil lyse ut tiltak nr 3, 4 og 5 før tiltak 1 Angedalsvegen – Hafstadvegen. Vurderer totalentreprise for tiltak 5. Tiltak nr 1 kan truleg lysast ut sommaren 2016.</p> <p>Tiltak nr 2 Vievegen: Utfordring med gs-veg gjennom parken til sjukehuset. Må avklarast med Riksantikvaren. Reguleringsplan leggest ut seinhaustes. Byggestart 2017.</p> <p>Har hatt dialog med fylkeskommunen om kollektivtransport. Skal jobbe vidare med prosjektsider på nett.</p> <p><i>Bemanning</i>  Vi tilset ikkje planleggjarar i prosjektet, dette vil bli handtert av ressursavdelinga hjå SVV.  Har hatt intern utlysing etter byggeleiarar og kontrollingeniørar. 4 personar går over til Førdepakken. 1 person startar 1. oktober, 3 personar frå 1. januar. Vidare tilsettingar etter behov.</p> <p><i>Kontorplassering</i>  Prosjektet vert lokalisert hjå Statens vegvesen i Førde.</p> <p><i>Økonomi</i>  KS2 vart rimelegare enn føreset. Vi bruker mindre planmidlar enn vi har til disposisjon pga noko forseinka framdrift. Når bompengavtalen kjem på plass vil vi starta å rekvirere midlar frå Førdepakken bompengeselskap AS.</p> <p>Praktisk handtering av mva på kommunale vegar er ikkje endeleg avklara. Det vil bli ein dialog med Førde kommune om dette.</p> <p><i>HMS</i>  SHA-plan under utarbeiding for etablering av bomstasjonar.</p>	IH/30.9.15

### Bompengeavtalen

Bompengeproposisjonen vedteken 18. juni 2015. Bompengeavtalen er under utarbeiding.

*Etterskrift: Utkast til bompengeavtale vart sendt til Førdepakken bomselskap AS 18. september og handsama i styret i bomselskapet 21. september 2015.*

Det var diskusjon kring moglegheit for å forsere arbeidet slik at innkrevjinga kan starte tidlegare. Dette heng saman med kva innkrevjingsutstyr som skal nyttast. Innkrevjingsstart 1. juni er uansett ikkje realistisk. Det vil vera realistisk å starte innkrevjinga etter ferien 2016. Dato for innkrevjingsstart vert fastlagt i neste møte.

IH/neste møte

16/15

### Milepælar

Ingar har laga framlegg til ein framdriftsplan som syner dei viktigaste milepælane, jf KS2-rapporten.

Nokre markeringar er viktige, men bør ikkje vera for mange.

- Oppstart første prosjekt
- Må markere nokre sykkelvegprosjekt

17/15

### Ymse

#### Budsjett

Det er laga utkast til budsjett, dette blir revidert når vi får bompengeavtalen.

#### Regionalt bompengevesen

Regionane er ikkje bestemt og strukturen er ikkje lagt. Hordaland tek ansvar for den regionen dei havnar i. Sogn og Fjordane reknar med å hamne saman med Hordaland. Det er framleis ein del uavklart.

*Etterskrift: Fylkeskommunen har motteke brev frå Samferdsledepartementet om geografisk inndeling av regionale bompengevesen og vidare prosess.*

#### Neste møte

3. desember kl 13:30-15:30, Videomøte



## Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

Sak.nr	Omtale	Ansvarleg	Frist
19/14	<p><b>Kommunikasjon</b></p> <p>Nettsider; Det blir laga prosjektinformasjon på SVV sine nettsider. Vi førebur struktur, etablerer når St.prp. er godkjent. Fylkeskommunen og kommunen kan lenke seg opp til denne. <b>Møte 3/15:</b> Nettside er etablert. Fylkeskommunen og kommunen linker til denne. Bomselskapet vil jobbe med eiga side ut over hausten. SVV må linke til denne når bomselskapet er på plass. Uavklart kor tid dei nye regionale bomselskapa er på plass.</p>		
26/14	<p><b>Organisering</b></p> <p>SVV jobbar vidare med organisasjonskartet og sender ut ny versjon. <b>Møte 1/15:</b> Organisasjonskart vedlagt. Eventuelle endringar er først aktuelt etter at KS2 er ferdig. <b>Møte 3/15:</b> gjennomgått under sak om status</p>		
10/15	<p><b>Handtering av flaumsone</b></p> <p>Etter at bompengesøknaden var sendt, har NVE oppdatert flaumsonekarta for Førde kommune. Ved 200-årsflaum blir alle vegar til sjukehuset stengt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fv. 484 Vievegen: Vi har teke utg.pkt i å skulle bygge gs-veg, ikkje køyreveg. Løyser ikkje problem med flaum. I så fall må vegen hevast 1,5 meter over ei strekning.</li> <li>Fv. 481 Angedalsvegen: Vi vurderer at det vil bli minst omfattande å legge tiltak her (eit par parti ved Førdehuset og eit lenger opp.)</li> <li>E39 Hafstadflata: Her må vi i tilfelle løfte E39 70-80 cm aust for dagens rundkøyning.</li> </ul> <p>Det er beredskapsmessig bekymring for tilkomst til sjukehuset. <b>Møte 3/15:</b> SVV tilrår å heve veglinja på Hafstadflata og Angedalsvegen, og vil arbeide vidare ut frå dette i det vidare planarbeidet.</p>	IH	



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen